



Eidfjord råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne

Arkivsakid-doknr: 20/175-28
Journalpostid: 22/6313

Saksh: Glenn Wiik
Telefon: 53673535

Arkivkode Dato:
K1-033 11.05.2022

Møtebok 10.05.2022 kl. 10.00 – 11.30

Frammøte: Alle faste medlemmer
Møtte frå bygdaheimen: Kjellaug Enge

Sak 55

Godkjenning av møtebok

Det var ingen merknader til møteboka. Møteboka er godkjent.

Sak 56

Info om snøbrøyting

Marte Sæbø har vore i kontakt med privat tilbydar på snøbrøyting. Dette er aktuelt for fleire som ikkje klarer å brøyta eigen innkøyrsel på dei hardaste vinterdagane. Førebels har me ikkje ein avtale som folk kan melda seg på, men me arbeider med saka og vil koma med meir informasjon seinare.

Sak 57

Overføring av gudstenester og annan aktivitet frå kyrkja til bygdaheimen.

Rådsmedlemmer har vorte spurde om det ikkje er mogleg å ta oppatt overføringar frå kyrkja til bygdaheimen. Det var slik ordning for nokre år sidan. Dersom bebruarane på bygdaheimen ynskjer det, trur me det er mogleg å ta dette oppatt. Teknisk er det ikkje store utfordringar, men ein må sjølvstøtt ta omsyn til personvern m.m. Sekretær har sendt spørsmål om denne saka til styrar på bygdaheimen.

Sak 58

Straumstøtte til innbyggjarane i kommunen.

Spørsmålet har tidlegare vore oppe i kommunestyret og nedstemt. Det som kan vera aktuelt er å søka om tilskot til ENØK-tiltak. Kommunen har sett av fond på kr.2 000 000 til slike tiltak og kommunen vil gå ut med informasjon om dette til hausten. Dei som har veldig stram økonomi må venda seg til NAV for å få hjelp.



Hardanger

Sak 59

Info om folkehelse.

Kjellaug Enge frå bygdaheimen var med på møtet og orienterte om tiltak for å motverka einsemd og betra folkehelsa generelt. No har kommunen motteke statleg tilskot på kr. 275 000 for å vidareføra gode tiltak og/eller finna nye lågterskeltilbod som kan fremja trivsel og livskvalitet. Tiltak som er planlagt frå hausten er m.a. IT-kurs, bruk av praktiske appar som VY og Skyss og ulike aktivitetar på bygdaheimen. Turgåing er positivt, men fleire medlemmer i rådet reagerer negativt på at tilsette på bygdaheimen og i heimesjukepleien nyttar uniform når dei går tur med pasientar. Dette kan lett kjennast stigmatiserande og bør kunna unngåast. Rådsmedlemene er inviterte til å koma med gode innspel i samband med tilskotet.


Sak 60

Eventuelt


- Jarand Høyenes på NAV skulle vera med oss og orientert om arbeidet sitt, men måtte utsetja dette pga av flyktingar frå Ukraina som kom nett denne dagen.
- Me hadde invitert kommuneoverlege Rita Høvset til å diskutera ringetida på legekantoret samt arbeid med førebyggjande folkehelsearbeid. Det kom epost etter møtet der ho forklarar at det ikkje passa med tidspunktet for møtet, men ho legg ved skriftleg forklaring på praksisen (sjå epostvedlegg)
- Skjebnen til Sæbø skule. Det er komt nokre forslag til bruk av bygget, men den endelege skjebnen er ikkje bestemt enno.
- Heimetenesta tilbyd betre oppfølging av den einkilde pasient. Det er særleg fokus på ernærings situasjonen for heimebuande. Her vert det vurdert om pasienten klarer seg fint eller om han kanskje treng meir oppfølging frå fastlegen.

Til å skriva under møteboka: Marete Sæbø og Ole Johnny Odland

Marete Sæbø



Ole Johnny Odland



Med venleg helsing
Eidfjord kommune


Glenn Wilk
sakshandsamar

Kopi til arkiv og kopibok

Wiik, Glenn

Fra: Høvset, Rita
Sendt: tirsdag 10. mai 2022 10:15
Til: Wiik, Glenn
Emne: Telefontid legekantor

Hei,
Beklager svært sen tilbakemelding!
Jeg har ikke anledning til å delta i dag, men skal komme med en skriftlig redegjørelse angående telefontid.

Det er i dag 4 timer daglig telefontid der en kan bestille timer, resepter og komme med andre henvendelser som ikke er akutte. Dersom det er behov for akutt hjelp, kan man taste 1 og får kontakt med sykepleier. Dette blir forklart med telefonsvarer når en ringer inn, og informasjon står på hjemmesidene. På legekantoret har hjelpepersonellet mange oppgaver utover å svare på henvendelser per telefon, og disse oppgavene har økt de senere årene. De skal bl.a. stelle sår, ta blodprøver og analysere disse, assistere legene ved behov, ta EKG, 24T blodtrykk, astma/KOLS kontroller i tillegg til en rekke administrative oppgaver. Dette er bare et lite utdrag av oppgavene som skal gjøres på kontoret. Dette er helt nødvendige oppgaver som ikke lar seg gjøre dersom en sykepleier skal sitte ved telefonen hele dagen slik bemanningen er nå. I telefontiden er det ikke vanskelig å komme gjennom, og det er ikke så mange henvendelser gjennom en dag til at vi klarer å svare innenfor angitt telefontid.

Av hensyn til driften på legekantoret har vi ikke mulighet til å endre telefontid til hele dagen. Generelt i Norge er det vanlig på legekantor å ha telefontid, de færreste kontorer har åpen telefon hele dagen av samme årsak som nevnt ovenfor.

Vedrørende folkehelsearbeidet i kommunen er det kommunalsjef, Karin Flatabø Thrane, som er rett person til å informere om dette.

Venleg helsing
Rita Høvset
Kommuneoverlege
E-post: rita.hovset@eidfjord.kommune.no
Mob: (+47) 41350556



Eidfjord kommune *unik fra fjell til fjord*